



Ein av dei frivillige gjengane som har gjort ein innsats under Festidalen. (Foto: Kvinnheringen)

I intervju med Sveinung Pile på uskedalen.no om Festidalen kjem det fram at det ikkje vert festival i 2011. Det er tre att i styret og dei har ikkje makta å finna nye styremedlemer, heller ikkje kalla inn til møte.

Overskrifta vert: Festidalen ein saga blott ?

På Husnesnett med det same innhaldet i artikkelen er overskrifta: Aldri meir Festidalen ?

Begge overskriftene målber eit negativt signal om framtida til arrangementet og om Uskedalen som festivalbygd. Det er langt betre i Kvinnheringen som brukar overskrifta: Ingen fest i dalen i år heller.

Fakta er at i eit møte med festivalleiinga og Uskedalen Utvikling før jul var vi samde om å skipa til eit ope møte i Dialogforumet i januar/februar.

Tema: Vidare med Festidalen. Leiinga i Dialogforumet skal sjå til at drøftinga vert gjennomført. På møte vil det koma fram om det er grunnlag for ny festival i 2012.

Målet med dette innlegget er å sei at det vil tena saka langt betre om vi brukar overskrifter (utan spørsmålteikn) som seier noko om at Festidalen treng eit løft og fornying.

Vi ser alle fram til det opne møte om framtida til Festidalen.

**Kristian Olav Bringedal,
Uskedalen Utvikling**